

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Natalia Golis (MDG), Alexander Fosse Andersen (Sp) og Geir Kjell Andersland (V) stilte spørsmål om dei var inhabile. Golis og Andersen er styremedlem, og Andersland har møtt som varamedlem i styret, i Det Vestnorske teateret AS. Golis, Andersen og Andersland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkestinget vedtok samrøystes at Natalia Golis og Alexander Fosse Andersen var inhabile etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e). Fylkestinget vedtok samrøystes at Geir Kjell Andersland var habil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Natalia Golis og Alexander Fosse Andersen gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 63 representantar til stades.

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune garanterer med sjølvskuldnarkausjon for lån som Det Vestnorske Teateret AS tek opp til nybygg, i samsvar med søknad dagsett 29. april 2020.
2. Garantien gjeld for hovudstol på inntil 70 mill. kr, med tillegg av 10 % av gjeldande hovudstol til dekning av påløpte renter og kostnader. Det maksimale garantibeløpet, 77 mill. kr, vert redusert i takt med nedbetaling av lånet.
3. Garantien gjeld frå vedtakstidspunktet og ut år 2042.
4. Vedtaket må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter kommunelova § 14-19.